

Mandat for Delprosjekt Administrativ organisering

Delprosjektet skal kome med forslag til organisering av den administrative verksemda ved høgskulen. Arbeidet skal byggje på prinsippa for administrativ organisering som er fastslegne i fusjonsavtalen, og skal følgje organiseringa av den faglege verksemda ved den nye høgskulen.

Delprosjektet skal bidra til at administrasjonen utøver gode støttefunksjonar for kjerneverksemda utdanning, forskning og formidling. Vidare skal prosjektet bidra til god forvaltning og verksemdstyring i ein effektiv, kompetent og profesjonell administrasjon.

Delprosjektet utgreier følgjande:

1. Kartlegging av behov for administrative funksjoner og tenester i den nye høgskulen, samt behov og mogelegheiter for utvikling av desse. Dette skal inkludere vurdering av kompetansebehov og mogelegheiter for digital tenesteutvikling.
2. Prinsipp for organisering av den administrative verksemda:
 - Kva slags oppgåver som bør løysast på institusjonelt nivå som fellestenester?
 - Kva slags oppgåver som bør løysast på fakultetsnivå/eventuelt ved anna fagleg eining?
 - Kva slags oppgåver som bør løysast på campus-/studiestadnivå?
3. 2-3 ulike modellar for organisering av den administrative verksemda. Modellane skal innehalde vurderingar av:
 - Oppgåve-/arbeidsdeling mellom ulike nivå og einingar
 - Ressurs- og kompetansebehov, samt utvikling av robuste miljø
4. Funksjonsplanar for administrative funksjonar i den nye høgskulen. Planane skal danne grunnlag for bemanningsplanar for administrasjonen. I denne fasen vil delprosjektet organiserast med fleire arbeidsgrupper, og fleire naudsynte ressursar koplast på.

Leveranse 1: Delprosjektet utarbeider eit diskusjonsgrunnlag som inneheld:

- Forslag til prinsipp for organisering av den administrative verksemda
- Skildring av ulike modellar for organisering av den administrative verksemda ved den nye høgskulen, samt vurdering av styrker og svakheiter ved desse

Diskusjonsgrunnlaget vert handsama i styringsgruppa og i samrådsmøte. Det bør og leggest opp til brei medverknad og mogelegheiter for innspel frå tilsette gjennom høyringsmøte.

Diskusjonsgrunnlaget går som drøftingssak til interimsstyret, som kan foreta vegval for det vidare arbeidet i delprosjektet.

Leveranse 2: Med bakgrunn i diskusjonsgrunnlaget og interimsstyret si handsaming skal delprosjektet utarbeide minst 2 konkrete alternativ til framtidig organisering. Forslaget sendast på formell høyring i dei tre institusjonane og reviderast før det leggest fram for interimsstyret for endeleg vedtak.

Leveranse 3: Med bakgrunn i interimsstyrets vedtak om organisering, skal delprosjektet utarbeide funksjonsplanar for dei administrative funksjonane.

Delprosjektgruppe

Delprosjektgruppa skal arbeide fram leveransane i delprosjektet. Det vil difor vere særskilt viktig med ei godt samansett gruppe med naudsynt kompetanse, som kan sikre gode leveransar.

Det skal vere lik representasjon frå dei tre institusjonane i delprosjektgruppa.

Samansetting av delprosjektgruppe:

- Kristin Ravnanger, delprosjektleder, HiB
- Ida Heggholmen, HiB
- Wenche Fjørtoft, HiSF
- Anne Naustdal, HiSF
- Kirsten Bakken, HSH
- Espen Fosse, HSH

Prosjektstøtte frå programsekretariatet.